

AVTALE (utkast)

mellom

Norges geologiske undersøking (NGU)

og samarbeidspartner

Sogn og Fjordane fylkeskommune

om utarbeiding av

Marine grunnkart i kommunane

Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund, Gulen og Flora (gjenstående areal)

Kartleggar: Norges geologiske undersøking (NGU)
Postboks 6315 Torgarden
N-7491 Trondheim

Prosjektleder: Dag Ottesen
Avtale/budsjettansvarleg: Reidulv Bøe

Mottakar: Sogn og Fjordane fylkeskommune
Prosjektleder: Elisabeth Aune, Sogn og Fjordane fylkeskommune

1. ARBEIDET

Arbeidet omfattar kartlegging av sjøområda i kommunane for å framstille Marine grunnkart med temakart. Kartlegginga skal avgrensast til område der Kartverket har moderne sjømålingsdata innsamla med multistråleekkolodd. NGU gjennomfører tokt med videofilming, akustiske undersøkingar og prøvetaking som grunnlag for utarbeiding av kart.

Følgjande oppgåver vil bli gjennomført:

- Innkjøp av multistråledata frå Kartverket.
- Prosessering og førebels tolking av multistråledata som grunnlag for tokt.
- Kartleggingstokt med NGU sitt forskingsfartøy FF Seisma – 2 eller 3 toktsesongar.
- Prosessering og analyse av innsamla materiale (video, prøvar, multistråle- og sonardata).
- Tolking, rapportering og publisering av data.

- Gjennomføring av oppstartsmøte, prosjektmøte og avslutningsmøte.

Geologisk kartlegging av sjøbotn og framstilling av marine grunnkart til offentlig bruk er ein del av NGUs basisverksemd. NGU har det faglege ansvaret for innhaldet i rapportar og dei marine grunnkarta som skal framstillast, og vil utføre arbeidet etter mal frå tidlegare utførte kartleggingsprosjekt. Resultata frå kartleggingsarbeidet vil bli lagra i NGUs databasar og karta vil bli publisert offentlig på www.ngu.no og www.mareano.no. Produkta frå kartlegginga vil bli levert til kommunane og fylkeskommunen. Karttema som vert levert skal vere lette å bruke i arealplanlegging og forvaltning av sjøområda, gjennom tilgjengelege og standardiserte kart- og datatenester.

2. PRODUKT

Følgjande kartprodukt vil bli utarbeidd:

- Djupnekart (bruk og distribusjon i høgare oppløysing enn 50 m må godkjennast av Forsvaret)
- Botnsediment (kornstørrelse)
- Sedimentasjonsområde
- Ankringstilhøve
- Gravbarheit
- Bratt og flat fjordbotn (skråning)
- Miljøtilstand

3. TIDSPLAN

Prosjektet vil vare i 4 år (48 månader) med oppstart så snart finansiering er på plass og nødvendige avtalar er underskrivne.

Arbeidsoppgåve	2019			2020			2021			2022			2023		
Innkjøp djupnedata	x														
Prosessering djupnedata		x													
Oppstartsmøte		x													
Tokt			x		x			x							
Prosessering/tolking				x	x	x	x	x	x	x	x				
Rapportering/publisering										x	x	x			
Avslutningsmøte														x	

4. KOSTNADAR OG FINANSIERING

Kostnader

Kommune	Sjøareal innanfor grunnlinja + 1 nm (km ²)	Kartlagt sjøareal (km ²)	Prosent kartlagt	Kostnad inkl. geokjemi (kr. 6000 km ²) eks. mva (kroner)	50% finansiert av NGU (kroner)
Askvoll	675	586	87	3534000	1767000
Fjaler	72	69	96	414000	207000
Hyllestad	126	113	90	678000	339000
Solund	681	568	83	3408000	1704000
Gulen	394	317	80	1902000	915000
Flora	350	350	100	2100000	1050000
Sum eks. mva		2 003		12036000	6018000

Finansieringsplan

Finansierande partner	kroner
NGU	
xx	
xx	

5. MILEPELAR OG BETALINGSPLAN

Milepel nr.	Milepel	Milepeldato	Fakturadato	Fakturabeløp (del av eksterntfinansiering)
1	Første kartleggingstokt gjennomført	Etter 6 mnd	Etter 6 mnd	20%
2	Andre kartleggingstokt gjennomført	Etter 18 mnd	Etter 18 mnd	20%
3	Femti prosent av arealet ferdig tokta	Etter 30 mnd	Etter 30 mnd	20%
4	Alle data ferdig tolka	Etter 42 mns	Etter 42 mnd	20%
5	Marine grunnkart publisert på nett og rapport levert prosjektlear	Etter 48 mnd	Etter 48 mnd	20%

NGU sender faktura i samsvar med betalingsplan til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Sogn og Fjordane fylkeskommune er ansvarleg for utbetaling av bidrag på til saman kr. 6018000,- eks. mva til NGU.

6. ANNA

Lagring av materiale

NGU lagrar alt digitalt materiale frå prosjektet i databasar. Prøvemateriale blir teke vare på til prosjektet er avslutta.

Statusrapportering

NGU skal rapportere til prosjektleiar i samband med milepelar. Rapporten skal innehalde status i forhold til planen og dokumentasjon av tiltak ved avvik frå planen.

Ansvar

Prosjektpartner og finansierende institusjonar er samde om at bruk av prosjektresultata skal vere på brukaren sin eigen risiko og å forsvare, sikre og holde kvarandre skadeslause frå eitkvart ansvar som følgje av bruk av resultata.

Offentleg sikkerheit og vern av miljøet

NGU skal opptre i samsvar med offentlege sikkerheits- og miljødirektiv. NGU har plikt til å rapportere funn som kan bli klassifisert som farlege eller skadelege for ålmenta si helse eller sikkerheit, eller som kan ha negativ innverknad på miljøet.

Bruksrett til data og resultat

Prosjektpartnerane og finansierende institusjonar har felles rett til data som blir samla inn og resultata som kjem fram i prosjektet. Partane står fritt til å bruke data i offentlege kart og publikasjonar, og til formidling av resultat frå prosjektet. NGU kan ikkje utlevere konfidensielle data frå multistråleekkolodd (med detaljgrad betre enn 50 m) utan at dette på førehand blir godkjent av Forsvaret.

Endringar

Eventuelle endringar og tillegg, som kjem til etter underteikning skal vere skriftlege og partane skal underteikna.

Forseinking

Ved forseinking av prosjektet som skuldast tilhøve hos samarbeidspartnarar eller force majeure skal det avtalast ny tidsplan for framdrift av prosjektet.

Ansvar for skade

NGU skal halde samarbeidspartnarar skadelause for krav knytt til personskade blant tilsette hjå NGU, skade på eigedom tilhøyrande NGU eller NGU sine underleverandørar.

Samarbeidspartnarar skal halde NGU skadelause for krav knytt til personskade blant tilsette hjå samarbeidspartnarar, skade på eigedom tilhøyrande samarbeidspartnarar eller deira underleverandørar.

Denne avtalen er utarbeidd med eitt eksemplar til kvar av partane.

Dato

Dato

For NGU

For Sogn og Fjordane fylkeskommune

UTKAST